



Peder på organistkrakken i dag

**- Det er visst ikkje grenser for kva den guten kan!
Denne replikken fanga vi opp under konfirmasjonen i
Uskedalen kyrkje i dag då vedkommande såg kven som
sat på organistkrakken.
Det var ingen ringare enn framgangsrik bakar
og skarpskodd Høgrepolitikar Peder Sjø Slettebø. Og lat det vera sagt
med ein gong: Dei som kanskje var litt skeptiske hadde
ingen grunn til det. 25-åringen løyste også denne oppgåva
på framifrå vis.**

Dagen før konfirmasjonen informerte uskedalen.no
Arbeidarpartipolitikar Magne Huglen om kven som skulle
vera årets konfirmasjonsorganist. Peder sit i den komite
som Magne leiar og leiaren instruerte oss om å vera ekstra
observante og rapportera attende om ulyder frå orgelet.

Men ikkje høyrde vi nokon ulyd og har berre ein kritisk
merknad; Organisten burde hatt eit noko høgare turtal på
Petter Dass!

Frå ein smule spøk til alvor: Peder gjer det klårt for oss at
organistrolla slett ikkje er nokon sensasjon. Allereie som 10-åring
heime på Halsnøy spela han på eit trøorgel etter oldefaren sin,
truleg fabrikkert på 1920-talet.

Men han legg til at han ikkje har utdanning på området,

- Eg er autodidakt,men har ein viss erfaring. Eg har både spela i kyrkja heime og då eg var bakarlærling i Haugesund, fortel han.

- kva har folk sagt om denne jobben her i dag?

- Eg har registrert berre positive kommentarar. Og til Magne vil eg seia at han bør koma seg opp om morgonen og koma seg i kyrkja så han veit kva han snakkar om !

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen